

..er vi til stades

litt om serien

Heime hos oss, så...

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert: Kva er typisk i denne heimen.


Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Vi har Gud til far og er - i trua - kvarandre sine søsken. Og då må vi jo spørje: Kva er typisk i ein slik heim?

Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristent fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...

litt om tema:

.. er vi til stades

Fellesskapet er vårt naturlege utgangspunkt for alle andre ting i det kristne livet. Det er familien vi høyrer til som definerer oss. Forfattaren av Hebreerbrevet byd oss om å ikkje halde oss borte når fellesskapet samlast, og er på den måten svært dagsaktuell for oss. Kor vanskeleg er det ikkje å vere til stades i livet? Smarttelefonar gjev oss kontinuerlig mulighet til å møte opp utan å vere fysisk på same stad. Og kor ofte vel vi ikkje å setje utelukkande individuelle lyster framføre våre fellesskapsbehov. For når du ikkje er tilstade, går vi andre glipp, både i husgruppene og i det store fellesskapet.



Bibel

Hebr. 10, 23-25 Spørsmål til teksten:

1. Av alle ting ein kan halde urokkeleg fast på, kvifor er «vedkjenninga av vona» viktig for kristne?
2. Ordet *oppgløde* i vers 24 blei omsett til *kveikje* i 1938, på svensk til *uppmuntra* og på engelsk til *stir*, *provoke* eller *stimulate*. Det greske ordet kan bety *irritere*, «*fyre opp*». Kan desse omsettingane fortelje oss om ulike måtar å gjere det på? Korleis kan dette sjå ut i praksis?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Korleis vi prioriterer tida vår er noko av det som viser aller tydelegast for folk kven vi er. Korleis kan din tidsbruk spegle kva som er viktig for deg?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Kva er det som kan gjere det vanskeleg å møte opp i dei store samlingane der du høyrer til?
2. Er det lett eller vanskeleg å motivere seg og forplikte seg til å møte i smågruppa? Kan de gjere noko for at det skal bli lettare?



Raushet

Takksam deling

Vi har gjerne så vi greier oss med pengar, men tida vår er knapp og dyrebar. Kva er det som «steler» tida di, slik at du blir mindre til stades for dei du helst ville vore rausare med tida di til?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han har gitt trufaste lovnadar om det evige fellesskapet vi har i vente.
2. Be om hjelp til å prioritere tidsbruken rett, og om hjelp til å oppgløde kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.
3. Be gjerne for kvarandre, og for dei tinga som stel tid og krefter.